

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: 76QNIS

Registrert dato: 09.09.2020 14:06:49

Innleiing	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	
<input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
Opplysningar om innsendaren	
Førenamn Leif Hosøy	
Etternamn Sleire	
Adresse Oterdalen, 48, A	
Postnummer 5914	Poststad ISDALSTØ
Telefon 95703640	
E-post leif.sleire@gmail.com	

Høyringsuttale
Høyringsuttale
Velj høyringsuttale:
<input type="radio"/> Detaljregulering for reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustader i Knarvik
<input type="radio"/> Detaljregulering for Framo Flatøy AS
<input checked="" type="radio"/> Områdeplan Knarvik - Endring
Uttale
Innleiing
Det har vore svært vanskeleg å sjå kva som er endringa i denne planen jfr det som ligg ute til høyring. Har fått tilleggsinformasjon frå saksbehandlar - men likevel ikkje 100% klårt kva som er konsekvensane av endringane som no ligg føre.
Knarvikplanen er ein særst viktig plan for utviklinga av tettstaden, og det er derfor avgjerande at både innbyggjarar, næringsdrivande og grunneigarar fullt ut forstår korleis forutsetningane i planen er.
Det er også uheldig at det på grunn av COVID19 ikkje har vorte gjennomført informasjonsmøter med interessentar og grunneigarar slik det er beskrevet i høyringa. Dette kan føre til at viktige innspel ikkje kjem fram, og at endringar som er vedtatt vil gå ut over interessentar i planen. Eg vil derfor rå til at desse informasjonsmøta blir sett opp - og at høyringsfristen blir utsett til desse møta er gjennomført. Utlysinga av desse møta kom også loveleg seint - og i den samfunnsmessige situasjonen vi er i no, er det viktig at ein brukar alle tilgjengelege informasjonskanalar som heimeside, facebook og sms i tillegg til ordinær kunngjering i lokalavisa.
Til sjølv planendringa så går det fram at det no er lagt til rette for å etablere mellombels parkering i området.
Undertegna er kjent med at det er krevjande å etablere parkering under jord slik det er beskrevet i planen, men det er likevel viktig at ein ikkje opnar opp for meir parkeringsområde i sentrum en naudsynt. Planen legg opp til mindre bilbruk, og ein må tilrettelegge for at ein får auka bruk av kollektivtransport, sykkel og gange. Så veit vi at vi aldri får

eit fullgodt kollektivtilbod inn til kommune og regionssenteret, så det må likevel være nok kapasitet - ikkje minst i høve besøk til Helsehuset. Det må ved etablering av midlertidig overflateparkering leggast vekt på at områda blir opparbeid med gode kvalitetar, og at dei ved plassering mot grøntområder, parkar og torg får ei god tilpassing mot desse områda. Etablering av mellombels kollektivterminal er eit godt døme på ei slik tilpassing. Mellombels parkering må heller ikkje etablerast slik at det hindrar ferdsel for gåande og syklende til grøntområder, parkar og torg. Det må også sikrast ei likebehandling for offentlege og private byggherrar ved opning for mellombels parkering i området. Løyve til mellombels parkering - er i utgangspunktet i strid med intensjonen i Knarvikplanen, så evt dispensasjonar gitt etter denne bestemmelsen bør alltid godkjennast gjennom politiske vedtak i Alver kommune.